


Fiskets Gang

11 · UKE 24
1981



Fiskets Gang



Utgitt av Fiskeridirektøren

67. ÅRGANG
NR. 11 — Uke 24 - 1981

Utgis hver 14. dag
ISSN 0015 - 3133

Ansv. redaktør:

Sigbjørn Lomelde
Fung. kontorsjef

Redaksjon:

Vidar Høviskeland
Kari Østervold Tøft

Ekspedisjon:

Dagmar Meling

Fiskets Gangs adresse:

Fiskeridirektoratet
Postboks 185, 5001 Bergen
Telf.: (05) 23 03 00

Trykt i offset

A.s John Grieg

Abonnement kan tegnes ved alle poststeder ved innbetaling av abonnementsbeløpet på postgiro-konto 5 05 28 57, på konto nr. 0616.05.70189 Norges Bank eller direkte i Fiskeridirektoratets kassakontor.

Abonnementsprisen på Fiskets Gang er kr. 100.00 pr. år. Denne pris gjelder også for Danmark, Finland, Island og Sverige. Øvrige utland kr. 125.00 pr. år. Fiskerifagstudenter kr. 60.00.

PRISTARIFF FOR ANNONSER:

Tekstsider:

1/1 kr. 1500	1/4 kr. 400
1/2 kr. 800	1/6 kr. 300
1/3 kr. 550	1/8 kr. 200

Andre annonsealternativer
etter avtale

VED ETTERTRYKK FRA
FISKETS GANG
MÅ BLADET OPPGIS SOM KILDE

ISSN 0015-3133

INNHold — CONTENTS

Hamneutbedringa i gong på Åna Sira The harbour conditions in Åna-Sira to be improved	363
Oppalskonsesjonane No har alle fylka prioritert Aqua-Culture: The Directorate of Fisheries has now received all the lists of priority	365
Akvakulturmesse i München Exhibition on aquaculture in Munich	367
Norsk firma eksporterer fisk fra Tyrkia til Frankrike Norwegian firm exports fish from Turkey to France	369
Dag Møller i Brighton: «Development and potential on the area of Marina Fin Farming	371
Indiske fiskerier mot ressurskrise? The fisheries of India towards a resource-crisis	375
Sildelarvene seint ute Larvae of herring late this year	379
Optimistiske fiskeribiologer på Island Optimism among fishery-biologists in Island	381
Oversikt over flsket Norwegian fisheries this period	383
Statistikker Statistics	386

Redaksjonens deadline for Fiskets Gang nr. 11/1981 er:
17. juni 1981

Forsida: Motiv fra Fisketorget i Bergen
(foto: Gunnar Christensen)

Hamneutbetringa i gong på Åna-Sira

I F.G. nr. 2/81 hadde vi ein artikkel om hamnetilhøva på Åna-Sira og dei forsøka som har vore gjort på å betra desse. Som kjent vart straumtilhøva radikalt endra etter at Sira-Kvina Kraftselskap sitt anlegg i Åna-Sira fjella vart sett i drift. Når båe turbinane ved kraftanlegget er i drift og havet står på, er det uråd – ja beint fram fårleg – å forsøke å kome seg fram på havna med småbåtar. Kraftselskapet har dessutan konsesjon på å setje igong ein turbin til, men den er ikkje montert enno. Likevel, det gir ikkje særskilt lyse utsikter.

Men etter mange års kamp, ser det no ut til at problemet fiskarane i dette området har slite med skal bli løyst. For ikkje lenge sidan vart det halde eit møte mellom Kystdirektoratet, representantar for Flekkefjord og Sokndal kommunar og for Sira-Kvina Kraftselskap, fiskarlaget og 1. distriktsskontor for Kystverket i Arendal.


På møtet vart det semje om at Kystverket skal ta seg av dei grunnundersøkjingane som må til. Arbeidet med dette skal kome igong i byrjinga av juni, og når dette vert lest er dei truleg i full gong. Ein reknar med grunnundersøkjingane vil ta eit par veker, og det skal utarbeidast ein rapport om havna. Går alt etter planen er rapporten ferdig i byrjinga av

juli. Rapporten skal, i tillegg til å gi opplysningar som er verdfulle for den praktiske løysinga av problemet, også gi grunnlag for eit kostnadsoverslag over arbeidet. Fiskerisjefen for Skagerrakkysten, Birger Larsen, reknar med at utbygginga vil kome til å kosta mellom 1 og 1½ mill.

I dag er det omlag 1 mill. kr. til disposisjon for gjennomføring av prosjektet. For ein del år sidan vart det på statsbudsjettet sett av kr. 75.000,- til utbetring av havna. I tillegg vart Sira-Kvina Kraftselskap pålagt å betale 750.000,- til dei to kommunane Flekkefjord og Sokndal ved overskjønet. Desse pengane har stått på bankkonto sidan dei vart utbetalt for omlag halvtanna år sidan. I dag er summen komen opp i omlag 900.000,-.

Dersom ikkje grunntilhøva syner seg å vere alt for vanskelege for eit slikt arbeid, reknar ein med å kome i gong med muddringa alt i sommar. Og håpet er at arbeidet kan vere avslutta neste år.

Desse to bileta er henta frå forsøka som Vassdrags- og Havnelaboratoriet Trondheim har utført for å finna ei teneleg løysing på hamneproblema på Åna-Sira. Bileta viser tilhøva ved vannføring på 390 m³/s. Bølgeretninga er vest og bølgehøyde er 2,5 m.





Folket i Åna-Sira gav på eit folkemøte i februar sin tilslutnad til at arbeidet med utbetring vart sett igong etter dei løysingane som Vassdrags- og havnelaboratoriet kom fram til som dei beste.

Sira-Kvina Kraftselskap er og forplikta til å betale kostnadene med å setje opp ein ledeskjerm på havna. Det er imidlertid semje om at skjermen ikkje skal monterast før ein har sett korleis straumtilhøva utviklar seg etter at mudringa er ferdig. Truleg vil ein vente eit par år med å montere den.

Den løysinga som Vassdrags- og havnelaboratoriet i Trondheim kom fram til som den beste, har fått generell tilslutning frå brukarane av hamna. På eit folkemøte på

Åna-Sira i februar i år vart modellen presentert for folket her, og det var semje om at ein burde satse på å følgje opp resultatet frå forsøka. Det medfører at det vert muddra i Egdesundet og på nordsida av fjorden. I tillegg kjem den før nemnde ledeskjermen som skal setjast opp, noko lengre oppe enn det overskjønnet kom fram til.

I debatten om utbyggjinga har det vore framme at Kraftselskapet burde leggje tunnel og føre spillvatnet utanom det smale innløpet til Åna-Sira. På folkemøtet i februar var det semje om at sjølv om dette kunne vere ønskjeleg, vil det vere bådett teknisk og økonomisk urealiserbart.

Sildekvoten godkjent i statsråd

Det vil i år bli tillatt å fiske 100.000 hl atlanto-skandisk sild (norsk vårgytende sild) nord for Stad. Vedtaket, som er i overensstemmelse med reguleringsutvalgets tilråding, ble bestemt i statsråd i sist uke. Garnkvoten er 40.000 hl og notkvoten 60.000 hl. Fiskeridirektøren vil fastsette åpningsdato for fiske for de to redskapsgruppene. Fiske med håndsnoere (hekling) til eget konsum er fritt. Fiskeridirektøren kan gi adgang til fiske med faststående garn til eget forbruk av agn, heter det i ei melding fra Fiskeridepartementet.

Reglene for deltakelse i fisket etter atlanto-skandisk sild med notredskaper er i det vesentlige de samme som for fisket i fjor. Men mens det tidligere ble krevet deltakelse i sildefisket i et av årene 1970 til 1973 for å få tildelt kvote, må søkeren nå ha hatt tillatelse til å delta i fisket i 1978 eller 1980. Det åpnes også for et begrenset antall konsesjoner for å sikre rekruttering til sildefisket.

Fiskeridirektoratets Havforskningsinstitutt har som kjent gått mot fangst av atlanto-skandisk sild i år. Dette fordi et fiske vil kunne forsinke gjenoppbygningen av sildebestanden. Havforskningsinstituttet har imidlertid anført at dersom det åpnes for et fiske, må fangsten ikke overskride 150.000 hl. Foruten kvoten på 100.000 hl som regjeringen nå har fastsatt, regner man med at det vil bli tatt 20.000 hl som bifangst i andre fiskerier, 10.000 hl i forbindelse med forskningen, og 20.000 hl ved hekling til eget konsum og ved garnfiske til eget forbruk av agn.

Årsmøte i Nordland

I dagane 8.-10. september i år arrangerer Nordland Fylkes Fiskarlag sitt årsmøte i Bodø. På sakslista for møtet står mellom anna ressursituasjonen og reguleringspolitikken. Dessutan skal det diskuterast prisutjamning på fisk som er omsett gjennom Norges Råfisklag og næringa sin økonomiske situasjon. Magnus Andersen-utvalet sin innstilling om konsesjonar i fiske står og på tapetet i tillegg til vanlege årsmøtesaker.

Ny tilsynsmann

Fiskerrirettleiar Johan Thrane Hansen, Harstad er tilsett som merkeloven sin tilsynsmann i Kvæfjord frå 1. juli 1981. Samstundes sluttar Stein Eriksen som merkeloven sin tilsynsmann i kommunen.

Oppalskonsesjonane

No har alle prioritert

I dette nummeret av Fiskets Gang kan vi presentere dei tre siste prioriteringslistene for matfiskoppal frå fiskeristyra. Med dette er altså den første delen av konsesjonstildelinga unnagjort, og vi skulle tru at det ikkje vil ta så overvettas lang tid å få endeleg avgjerd i sakene. Som kjent skal dei no først handsamast i Fiskeridirektoratet før dei vert oversende til Fiskeridepartementet for endeleg avgjerd.

Skagerrakkysten


Fiskeristyre for Skagerrakkysten har først og fremst teke for seg to søknader. Den første fra Sigmund Hjelleseth, Gylkan. Hjelleset har drive setjefiskanlegg sidan 1969 i den tru at det var nok å vere registrert i direktoratet for vilt- og ferskvannsfisk. Fiskeristyre meiner difor at søknaden må handsamast som ei spesiell sak, og at det ut frå dei rådande tilhøve må gjevast konsesjon for setjefiskanlegg.

Søknad nr. to som vert særskilt omtala er frå Fiskernes Oppdrettslag, andelslaget Stampen, Abelnas i Flekkefjord. Fiskeristyre peikar på at dette anlegget i stor grad vil basere seg på forsøks- og forskningsverksemd i tilknytning til produksjonen ved Fiskernes Salslag AVS i Flekkefjord. I følge undersøkingar ligg tilhøva godt tilrette for eit slikt anlegg her. Verksemda her kjem truleg og til å bli svært verdfull for produksjon etter den såkalla Ross-Wells metoden i norsk fiskerinæring.

Fiskeristyre rår difor til at det vert gitt konsesjon til dette anlegget.

Om dei andre søknadane seier fiskeristyre: Storparten av søknadane gjeld små anlegg for oppal av svært små kvanta matfisk i ferskvatn, og dei er i stor grad tenkt som tilleggsnæring til jordbruk eller fiske. Etter fiskeristyre si meining vil desse anlegga ikkje ha nokon særleg innverknad på den totale produksjonen og dei vil heller ikkje påverke marknadstilhøva for oppal av matfisk. Dei vil imidlertid gi verdfull tilleggssaktivitet og bi-inntekt for den einskilde søkjar. Ut frå dette bør slike småanlegg handsamast for seg sjølve og haldast skilt frå større anlegg basert på saltvatn eller kombinert salt/ferskvatn der føresetnaden er å driva anlegget som eine- eller hovudyrke.

Det må takast omsyn til at dei naturgitte tilhøva generelt sett ikkje er dei beste for fiskeoppal på denne kyststripa, men at det likevel kan finnast stader her som høver til dette. Det er viktig å få sett igong verksemdar på desse stadane for å få konstatert om



oppalsnæringa kan tilpassast slike tilhøve. På grunnlag av dette har fiskeristyret sett opp følgjande prioriteringsliste:

Utviding av eksisterande anlegg (større anlegg) i saltvatn:

A/S Sør-Laks, Kjølbrann, Hellesund Fiskeoppdrett, Gl. Hellesund og Sørlandets Fiskestammeoppdrett, v. Terje Kvås, Kvås.

På alle tre anlegga er drifta basert på å vere eine- eller hovudyrke. På to av anlegga er det allereie igong setjefiskproduksjon. Fiskeristyret har difor stilt anlegga likt i si prioritering. Som nr. 4 har dei innstilt John Sunde og Rolf Kristiansen, Sannidal.

Fiskeristyret har vidare tilrådd at følgjande får konsesjon på heller små anlegg i ferskvatn:

A/S Norfisk, Neslandsvatn, Voie Fisk, Drangedal, Næss Fiskeoppdrett, Lunde og Dalen Gård, Drangedal.

Hordaland

I Hordaland var det komne inn heile 119 søknader om oppal av matfisk. Fiskeristyret har føreteke slik prioritering mellom dei innkomne søknadane:

1. A/S Holmfisk, v. O. Holm, Fedje
2. Fitjar Fiskeindustri, Fitjar
3. Hestholmen fiskeoppdrett, v. J. Berentsen m.fl., Litlakalsøy
4. Kornelius Flåten m.fl., Blomvågen
5. Hans Kvarven m.fl., Brandasund
6. Notfisk A/S, v. Aksel Hatlem, Austrheim
7. A/S Klosterfisk, v. Erling Benjaminson m.fl., Halsnøy Kloster
8. A/S Øygarden fiskeindustri, Tjeldstø
9. Olav Eidet, Fitjar
10. A/S Varholmen Fiskeoppdrett, v. Jostein Littlekalsøy, Littlekalsøy

I arbeidet med prioritering av søknadane har fiskeristyret lagt stor vekt på omsynet til busetjing og sysselsetjing i dei områda som er prioritert.

Møre og Romsdal

Den distriktsmessige verknaden har og vore avgjerande for fiskeristyret i Møre og Romsdal si prioritering av dei innkomne søknadane. Lista ser slik ut:

1. Elias Marøy, Sandøy
2. Oddmund Thevik, Aure
3. Veidholmen Fiskesamvirke, Smøla
4. Anders Golmen, Tustna
5. A. Helde, Herøy
6. Ole Jørgen Mork, Ørsta
7. Terje Morsund Austnes, Haram
8. Per B. Hammerø, Fræna
9. Kjell Dønheim, Gjemnes
10. Kåre Lybergsvik, Molde
11. Inge Sandvik, Eide
12. Ivar Stormyr, Nesset
13. Hakallestrand Fiskeindustri, Sande
14. Svein Nordal, Vanylven.

Stadig flere vil ha EF-reaksjon på sildefisket

Danske fiskere er «harme» over at EF ikke vil gjøre noe med det ulovlige sildefisket i den sørlege delen av Nordsjøen og i Kanalen. – Det foreligger nå klare bevis på at det foregår et ulovlig fiske – et fiske i strid med EF sine bestemmelser. En av forutsetningene for at vi gikk inn i EF var at vi skulle fiske på like fot med andre EF-land, sier Søren Knudsen.

Knudsen peker på at danske fiskere blir svært godt passet på når det gjelder kvotene i Skagerrak, Kattegatt og Østersjøen. Dette fører til at det stadig vekk blir innført fiskestopp.

En annen side av saken er også den innvirkningen de ulovlige landingene har på eksportprisen på sild. Markedene blir forstyrret, og danske fiskere oppnår ikke den samme prisen for silda som de har gjort tidligere år.

– Det forekommer meg at det er en farlig veg EF har gått seg inn på i den aktuelle situasjonen, sier Søren Knudsen til Dansk Fiskeritidende.

I samme artikkel intervjuer Dansk Fiskeritidende Johs. K. Vartdal, formann i Sildesalgslaget. Vartdal har vært med på å besøke en rekke sør og mellom europeiske land for å undersøke mulighetene for eksporten av Nordsjøsilde dersom fisket på denne sildestammen blir åpnet. Det viste seg at markedene på det europeiske kontinent var oversvømmet av sild. Sild er importert – blant annet fra land som har undertegnet avtaler om fredning av Nordsjøsilde med Norge. Til Dansk Fiskeritidende sier Vartdal: – Det må sies å være lavmål for kultursamfunn, dersom man ikke kan ha tiltro til de avtaler som blir inngått.

Dersom fisket etter Nordsjøsilde blir legalisert, i strid med ICES tilrådinger, blir det vanskeligste punktet å kontrollere fisket. Dette er noe alle de involverte parter er enige om.

Ulovlege reguleringar

Restriksjonane som dei britiske styresmaktene la på fisket i britiske farvatn i 1979 er no blitt erklært ulovlege av EF domstolen. Reglane hindra ikkje-britar sin adgang til britiske farvatn, det vart sett nye maskevidder og reglane for bifangst vart endra. I

t tillegg vart det gitt minstemål for fisk og reker og det vart kravd spesielle lisensar for å drive fiske etter sild i farvatnet rundt Isle of Man og i den nordlege delen av Irskesjøen.

EF domstolen sa i sin dom at Storbritannia ikkje hadde søkt råd hos EF kommisjonen før reglane vart innførde. Det burde dei gjort når reglane

fekk innverknad for fiskarar frå andre medlemsland. Desse skal etter EF sine lover ha tilgong til fiskeplassane i britiske farvatn på like line med britane sjølv.

Det var franske og irske fiskarar som klaga saka inn for domstolen.

Aqua Fish 81:

Akvakulturmesse i München

I tidsrommet 29. april til 3. mai ble utstillingen Aqua Fish arrangert i München. Dette er den første utstillinga i sitt slag som er blitt holdt i Vest-Tyskland. Utstillinga som har vært planlagt i et års tid, skulle opprinnelig etterfølge en landbruksuke i Hannover – der alle typer for, også fiskefor, skulle være representert. Denne messen ble imidlertid avlyst, og en del av de som hadde meldt seg på som utstillere i Hannover stilte derfor ut i München.


Aqua Fish har fått mye forhåndstale i fagtidsskrifter på kontinentet og i våre nordiske naboland, men var tydeligvis lite kjent for nordmenn. Bare tre nordiske firma hadde meldt seg på som utstillere, Euromatic, Ewos og Wiking.

Messen ble arrangert i Olympiahallen og dekket et areal på omlag 3000 kvadratkilometer.

Aqua Fish var en kombinert sportsfiske og akvakulturmesse, og hadde tilsammen 69 utstillere. Bare 21 av disse rettet seg mot fagfolk. En av grunnene til at fagmessen fikk så liten plass var de tyske produsentenes frykt for industrispionasje. Derfor var det heller få nyheter som ble presentert.

At utstillingen ikke ble større skyldes vel også at dette var den første i sitt slag i Vest-Tyskland. Det oppstod derfor en slags «vente-og-se» holdning. En del av produsentene opplyser videre at de har nye produkter på trappene, men at disse er for tidlig å vise fram.

En del av de produktene som ble vist var likevel interessante. Spesielt pekte en solcelledrevet foringsautomat seg ut. Disse ble vist fram av Apparaturbau Csipek og ble levert i tre størrelser, med kapasitet opp til 20 kilo for pr. dag.



En av de mer interessante produktene som ble stilt ut var denne automatiske fiskesorteringsmaskinen. Maskinen kan leveres med seks eller tolv sorteringskanaler etter ønske.

Hovedredningssentralene

De to hovedredningssentralene har offentliggjort årsstatistikken for 1980.

Hovedredningssentralen Nord-Norge, Bodø registrerte i fjor 842 søk-, redning- og ambulanseoppdrag, som er en økning fra 1979 med 96 oppdrag. melder bladet Kystvakt.

Av de 202 sjøredningsaksjoner som er registrert gjelder 119 fiskebåter, 53 fritidsbåter og 30 skipsfarten forøvrig.

– Den største innsats ved sjøredningsaksjoner er ydet av Redningselskapet og Sjøforsvaret, men også Havnevesenet, Losvesenet og en rekke fiskere og redere har stilt sine fartøyer til disposisjon, heter det bl.a.

Sør for 65 grader nord og til svenskegrensen, det vil si innen området til Hovedredningssentralen Sør-Norge, Stavanger ble det i 1980 registrert ialt 888 aksjoner, det vil si ca 100 mer enn i 1979.

Av det totale antall aksjoner utgjør ca. 44% sjøredningsaksjoner, 33% landredningsaksjoner, 15% luftambulansesaksjoner, 4% aksjoner i forbindelse med signaler fra nødpeilesendere og 4% flyredningsaksjoner.

Av de 390 sjøredningsaksjoner som er registrert gjelder 143 (ca. 37%) fritidsbåter, 66 (17%) skipsfart forøvrig, 126 (32%) nødraketter/bluss samt 55 (14%) fiskefartøyer.

Antall aksjoner i forbindelse med observert nødraketter/bluss viser en stigning fra 79 i 1979 til 126 i 1980. Samtlige er registrert som falsk alarm, skriver Hovedredningssentralen Sør-Norge.

Norway Foods et faktum

Stortinget vedtok enstemmig å opprette Norway Foods i sist uke. Dermed blir all sardinindustri i Norge samlet i ett selskap.

Det nye selskapet vil trolig få en årsomsetning på nærmere 500 millioner kroner og over 1700 ansatte. I tillegg til dette er tre- firetusen ansatte i krabbefabrikken rundt om i landet med i sammenslutningen.

Fabrikken som blir eiere av det nye selskapet skal som tidligere nevnt i FG, gå inn med 45,9 millioner i aksjekapital og 21 millioner i ansvarlig lånekapital.

LÅN & LØYVE

**Vert «Klippstein»
kondemnert?**

Adolf Pedersen, Øksfjord, har søkt om å få overta m/s «Klippstein», T-28-T. Samstundes er det søkt om reketråløyve for båten.

Fiskeridepartementet finn ikkje å kunne gi reketråløyve til Pedersen før han har skaffa seg nytt fartøy. Han kan imidlertid rekne med å få reketråløyve dersom han går til innkjøp av eit passande fartøy som er i norsk fiske. Løyve til nybygg vil derimot ikkje bli gitt.

Då spørsmålet om å gi kondemneringstilskott til «Klippstein» for tida er oppe til vurdering, finn departementet ikkje å kunne ta søknaden om overtakingsløyve opp til vurdering.

«Klippstein» er bygd i stål i 1963. Fartøyet er på 187 brt og lengste lengde er 34,9 m. Motoren er ein Wichmann med 500 hk bygd i 1963.

**«Arvid Johan» til
Nord-Lenangen?**

Edvin Pedersen, Nord-Lenangen, har fått løyve til å overta eigedomsretten til m/s «Arvid Johan», N-9-G.

«Arvid Johan» er på 18,2 m og 28 brt. Båten er bygd i 1961 og har ein 120 hk Normo motor bygd i 1963. Båten har til no tilhøyrt A. Rønnåback, Sund i Salten.

**«Vårberget»
vert seld?**

A/S Polarfisk, Vardø, har fått løyve til å overta eigedomsretten til m/s «Vårberget», F-99-V. Polarfisk har desse aksjonærane: Paul G. Mathisen A/S, Kiberg, og Vardø Produksjonslag A/S, Vardø, kvar 24%, og Evald K. Sortland, Svolvær, som eig 52% av aksjane.

«Vårberget» er på 46,51 m. og 297 brt. og var tidlegare eigd av A/S Vardø Havfiskeselskap. Båten, som vart bygd i 1974, er utstyrt med ein 74-modell MAK motor med 1500 hk.

Det er søkt om tråløyve for fartøyet.

**Avsavns-godt-
gjersle**

Trygve H. Flatøy, Flatøy, har fått eit tilskott på kr. 200.000,- for å oppgi retten sin til å fiske brisling med not.

Også Severin Hugøy, Magne Kråkenes og Leif Kråkenes har fått same tilskott, fordelt med 1/3 part på kvar av dei.

**«Valanes» går for
«Glannøy»**

Paul og Per Blikfeldt i Tromsø har fått løyve til å bruke m/s «Valanes» til å tråle etter reker i staden for deira eige fartøy m/s «Glannøy». Løyvet er mellombels og gjeld inntil vidare.

«Valanes» har reg. nr. T-38-K, og tilhører Øyvind Valanes. Båten er bygd i 1976 og er på 239 brt. Lengste lengde er 36,9 m og det står ein 990 hk Alpha 76-model i den. «Glannøy» må erstattast fordi ho havarerte.

Seinare har Blikfeldt fått løyve til å overta eigedomsretten til m/s «Valanes». Dette skjer under føresetnad av at «Glannøy» vert dregen ut av alt norsk fiske. Samstundes har dei fått tilsagn om loddetråløyve, men dei får ikkje fryseanlegget ombord nyttast til å fryse reker når det er gitt generell dispensasjon frå forbodet mot å fryse reker som i år.

Øyvind Valanes kan ikkje rekne med å få torsketråløyve for anna fartøy som han måtte kjøpe som erstatning for m/s «Valanes».

**«Rolant» med garn
og line**

Lars Nylund, Nordvågen, har fått løyve til å overta eigedomsretten til m/s «Rolant». Båten skal nyttast i garn- og linefisket. Fartøyet er på 30,5 m og 77 brt.

Nylund får ikkje løyve til å drive trålfiske etter reker med båten, han har heller ikkje fått loddetråløyve då administrasjonen for tida vurderer om det skal gjevast fleire slike løyve.

Karmøyvær

Fiskeridepartementet har gitt slikt lån til A/S Karmøyvær anlegget:

Tilskott kr. 500.000,- over kap. 1050. I tillegg tidlegare innvilga, men ikkje utbetalt lån over kap. 1051 kr. 500.000,-, og nye lån på tilsaman kr. 1.000.000,- over forskjellige postar på kap. 1051.

Tilskottet gir Fiskeridepartementet og Riksrevisjonen adgang til å setje i verk kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadane.

OUF

Fiskeridepartementet har gitt tilsagn om tilskott på kr. 600.000,- til delvis finansiering av samarbeidsprosjekt i regi av OUF. Det er eit vilkår for tilskottet at prosjekt og kostnadsrammer for prosjekta vert godkjende av Fiskeridepartementet på førehand.

«Jan Børre»

Dag Arne og Kristian Johnsen, Myre har fått løyve til å overta 1/3 part i m/s «Jan Børre», N-2-Ø, «Jan Børre» er på 57,5 fot og 38,72 brt. Bjørnar Johnsen er talsmann for reiarane. Båten er bygd i 1966 og utstyrt med ein Caterpillar med 245 hk bygd i 1966.

Ny båt til Myre?

Gunnar Kristoffersen, Myre, har fått løyve til å overta eigedomsretten til m/s «Fredrik Arntzen», N-46-Ø. Fartøyet kan ikkje nyttast til fiske med trål utan etter samtykke frå Fiskeridirektøren.

M/S «Fredrik Arntzen» er på 64,68 brt. og lengste lengde er 72,8 fot. Fartøyet er bygd i 1965 og har ein 430 hk. motor frå 1965.

Kristiansand

Norges Makrellag i Kristiansand har fått innvilga eit lån stort kr. 100.000,- til delvis finansiering av ismaskin og truck. Det er Fiskeridepartementet som har innvilga lånet.

Norsk firma eksporterer fisk fra Tyrkia til Frankrike

Arendalsfirmaet Ansko A/S har siden januar i år drevet eksport av pigghå og skate fra Tyrkia. Mesteparten av fisken er blitt solgt på det franske marked, og hittil er det blitt omsatt over 200 tonn pigghå og like mange tonn skatevinger. Firmaet har planlagt å utvide virksomheten med det første, og har blant annet prosjektert et foredlingsanlegg for fisken. Det konkrete arbeidet med dette anlegget vil trolig komme i gang alt til høsten, opplyser Fred Engesæth til Fiskets Gang.

Vi har spurt en av de som står bak prosjektet, Fred J. Engesæth, om bakgrunnen for dette prosjektet.

– Vi arbeidet tidligere på det tyrkiske markedet med helsekost og en del andre mindre prosjekter. Da vi oppdaget at Tyrkia har en stor og så godt som ubeskattet bestand av pigghå og skate, bestemte vi oss for å prøve å eksportere dette. Det er nemlig ikke grunnlag for lokal omsetning av pigghå og skate i Tyrkia, og det er heller ikke gjort forsøk på å fiske disse to artene tidligere, sier Engesæth.

Prosjektet er unikt for oss også. Vårt firma har nemlig ikke drevet med fisk før, men til nå har det gått svært så bra.

FAO har drevet ressurskartlegging i Svartehavet. Av rapportene deres går det fram at det kan fiskes 15.000 tonn pigghå og 20.000 tonn skate i året uten at bestanden blir for hardt beskattet, sier Engesæth.

– Hvordan er eksporten lagt opp?

– Når fisken landes blir den straks lastet på lastebiler og kjørt til Istanbul. Her blir den kjørt til et fryse/kjølelager. Pigghåen blir så skinnert og skatevingene kuttet og fisken ises. Kassene blir så satt inn på kjølerom eller direkte i traileren.

Vi har hatt en del vansker med å skaffe tilstrekkelig med is, og forståelse for nødvendigheten av ising, men nå har vi bygget en ismaskin.

Isoporkassene som fisken pakkes i blir levert fra Norge. Tønsbergfirmaet Vermelid Transport kjører fisken fra Istanbul til Paris. En trailer med to sjåfører bruker omtrent 60 timer på denne strekningen.

Nye markeder

– Hvordan går samarbeidet med de tyrkiske myndighetene?

– Det går veldig greit. De tyrkiske myndighetene ser naturligvis også positivt på alle eksportfremmende tiltak. Litt språkvansker har vi hatt, men dette har ikke vært noe stort problem.

Vi har derimot hatt en del vansker med å få jevne leveranser. Fisket fra dag til dag kan variere en god del. Hvis det er dårlig vær får vi ikke leveranser. Videre er det stor sesongvariasjon. For tida fiskes det for eksempel bare skate.

– Hvordan er så markedet for pigghå og skate?

– Til nå har det vært lett å få omsatt fisken. Vi regner med at markedet vil stramme seg litt i sommer når det blir varmere. Spesielt skate er et svært ømfintlig fiskeslag.

Eksporten til Paris har i første rekke vært basert på ferske varer, men vi kommer trolig til å satse en del mer på frosne produkter i framtida. I første rekke kommer vi til å sikte oss inn på det britiske og det belgiske markedet.

Vi har alt forsøkt å omsette en del pigghå i England, og dette har falt svært heldig ut. 90% av fisken går til fish and chips produksjon i Sør-England.

Foredlingsanlegg fra høsten av

– Hvilke planer har Ansko videre framover?

– Vi regner med å komme konkret i gang med arbeidet med det nye fore-

dlingsanlegget alt til høsten. En av hovedtankene bak dette anlegget er at vi skal bruke hele fisken. Vi kommer derfor til å satse på både melproduksjon og trandamperi.

Vi har videre planer om å få i gang et opplæringsprosjekt i Tyrkia, men dette ligger litt fram i tida. Men vi ser det som en naturlig fortsettelse, når det nye anlegget kommer i gang, at vi satser på opplæring innen fiskeriteknologi og laboratorier for analyse av for eksempel mel og olje, uttaler Fred J. Engesæth til Fiskets Gang.

Og ikke støtte til fornying

– Det er nødvendig med statlig finansieringsstøtte til nybygg dersom den danske fiskerinæring skal overleve, slo Laurits Tørnes fast på en fiskerikonferanse i Nexø i begynnelsen av mai.

Tørnes mente at det er på tide med ein god del nybygging og utskifting av utstyr i danske fiskerier for at de skal halde tritt med utviklinga i andre land.

Fiskeriminister Karl Hjortnæs svarte at han var klar over behovet for fornyelse i dansk flåte, men han mente at fiskerne først og fremst må benytte seg av de tradisjonelle låneordninger som finns i samfunnet.

Kan ikke dø av forurensing!

Giftutslippet fra Cheminova i Harbøre Tange har skapt store overskrifter i dansk presse. Lederen for Havforureningslaboratoriet, cand. scient. Arne Nielsen, har skissert situasjonen slik for Jyllands-Posten:

– Noen tror vi er en liten flokk fanatikere som kun er tue etter å få Cheminova stengt. Det er bestemt ikke riktig. Jeg mener at virksomheten her og fiskerinæringen kan leve side om side, dersom Cheminova holder seg til loven og ikke forurenser grunnvannet eller slipper giftig spillvann ut i havet. Til forskjell fra fiskerinæringen kan ikke Cheminova dø av forurensing.

LÅN & LØYVE

Davik

A/S Davik Fiskefarm, Davik, har fått innvilga lån og investeringstilskott på til saman kr. 1.630.000,-. Pengane skal plasserast i klekkeri- og setjefiskanlegg, fóranlegg og anlegg for slakting og pakking av oppdrettisk. Oppføring av ny driftsbygning vil føre til at det vert gjort ni årsverk på anlegget i 1982.

Sævareid

A/S Sævareid Fiskeanlegg har fått delvis D.U.F. garanti for eit lån på inntil kr. 1.200.000,- til driftskapital. Selskapet driv klekkeri og setjefiskanlegg på Sævareid.

Prosjekt i Namdalen

Fiskeridepartementet har over kap. 1050 gitt tilsagn om tilskott på kr. 200.000,- til analyse av fiskeindustrien i Namdalen. Det er ein føresetnad at det vert gitt midlar over kap. 573 dersom heile prosjektet skal gjennomførast. Det er fiskerisjefen i Trøndelag som koordinerer prosjektet.

Nuvsvåg

Fiskeridepartementet har gitt tilsagn om eit tilleggslån stort kr. 80.000,- av kap. 1051 til Johansen & Sønn, Nuvsvåg. Lånet skal nyttast til delvis finansiering av utbygging og modernisering av verksemda.

Dei skal fryse reker

Fiskeridirektøren har gitt ei rekkje båtar løyve til å fryse reker ombord for produksjon i land. Alle båtane har fryseanlegg som er godkjende av Fiskeridirektoratet sitt Kontrollverk. Løyve er gitt til følgjande: «Børvåg», F-60-NK, «Robertson», T-182-BG, «Vadsøtrål», F-184-VS, «Otrøyning», M-6-MD, «Remifisk», T-18-LK, «Ståltor», T-15-T, «Jaro», T-110-LK, «Stålood», T-70-LK, «Tromsland», T-9-LK og «Frantsen Jr.» T-44-I.

Løksfjord

Hagbart Kræmer A/S, Løksfjord, skal modernisere anlegget og investere ein del i nye maskiner. Til det har D.U.F. gitt lån og investeringstilskott på til saman kr. 1.200.000,-.

Skjervøy

Skjervøy Skipsverft A/S, Skjervøy, har fått ein ansvarleg lånekaptal på kr. 1.000.000,- for å styrke likviditeten i selskapet. Skipsverftet på Skjervøy har 50 tilsette.

Meløy

S. Sørensen & Co. Støtt, Meløy, har fått lån og investeringstilskott frå D.U.F. på samla kr. 580.000,-. Pengane skal nyttast til restfinansiering av nytt fiskeforedlingsanlegg. Etter denne utvidinga er det meininga at fiskeforedlingsanlegget skal sysselsetje 5 personar i tillegg til eigarane heile året.

Fosnavåg

Voldnes Skipsverft A/S, Fosnavåg, har fått lån og investeringstilskott på til saman kr. 2.300.000. D.U.F. pengane skal nyttast til investering i maskiner, utstyr og utbetring av lokale til kontor og velferdsrom. Verftet har og fått eit tilskott på inntil kr. 43.000,- til å dekke utgifter til eit produksjonsutviklingsprosjekt.

«Leidulv» ut av brislingfisket

John Snilstveit, Stavang, har fått kr. 200.000,- i tilskott for å gi opp sin rett til å fiske brisling med not. Tilskottet er gitt etter reglane for kondemnering av eldre, uhensiktsmessige fartøy som driv brislingfiske.

John Snilstveit dreiv brislingfiske med m/s «Leidulv» saman med Hans Snilstveit.

Frå Nordfjord til Finnmark

Trygve Rich. Nilsen, Vannvåg, har fått løyve til å overta eigedomsretten til m/s «Per Senior», SF-34-S. Båten tilhøyrer no Romandus Stava, Stadlandet.

«Per Senior» er på 33,74 m og 197 brt. Fartøyet som er bygd i 1968, har ein 400 hk Wichmann motor, også den frå 1968.

Båtsfjord

Båtsfjord Sentralfryselager A/S, Båtsfjord, har fått tilsagn om eit lån på kr. 600.000,-. Lånet skal nyttast til delvis finansiering av utviding av fryselageret.

Sommarøy Produksjonslag skal bygge tre nye egnebuer. Til dette har dei fått tilsagn om lån på kr. 175.000,- frå Fiskeridepartementet.

Og Ulstein

Også Ulstein Nor A/S har fått tilsagn om lån og investeringstilskott frå DUF. Summen er her kr. 1.100.000,- til delvis finansiering av utviding av produksjonshall og diverse utstyr.

Skarsvåg

R. Lund Skarsvåg A/S, Skarsvåg, har fått 600.000,- i lån frå D.U.F. i forbindelse med at dei skal ta over Clement Johnsen A/S, Skarsvåg. Verksemda har og fått delvis garanti for eit lån på 2.000.000,- som skal nyttast til driftskreditt.

Får tråle reker hvis han kjøper båt

Kolbjørn Dahl, Vardø, har fått tilsagn om reketråløyve dersom han går til innkjøp av eit brukt norsk fartøy. Løyvet er gitt etter at Dahl søkte om reketråløyve ved fordelinga av dei tre nye reketrålkonsepsjonane til Finnmark.

Det vil ikkje bli gitt løyve til nybygg, og fartøyet som eventuelt vert kjøpt må vere i norsk fiske.

Dag Møller i Brighton:



Som annonsert i tidligere nummer av Fiskets Gang bringer vi her Dag Møllers foredrag ved akvakulturkonferansen i Brighton. Foredraget er oversatt av oss, språkføring og eventuelle feil eller misforståelser er derfor redaksjonens ansvar. Det samme gjelder kapitelloppdeling og kapitelloverskrifter.

«Development and potential in the area of Marine Fin Fish Farming»

De siste åra har verden sett ei ny primærnærings utvikle seg; oppdrett av marin fisk. Spesialister definerer oppdrett av marin fisk som en del av akvakultur. Men oppdrettsfisk er produkt av en intensiv prosess forskjellig fra de ekstensive former for akvakultur som for eksempel dyrking av muslinger eller kulturbetinga fiskeri.

Metoder

Utviklinga av næringa har til ei viss grad fulgt det samme mønsteret i Japan, USA, Skotland/Irland, Norge og Kanada. Mesteparten av fisken blir oppdretta i «sjøbur» som vanligvis består av en flytedel og ei not. Enhetene kan være store eller små. De kan være forankra hver for seg eller bygd sammen. På grunn av vind, bølger og temperaturforhold er det i noen områder utvikla bur som blir senka under havflata.

Det er også stor interesse i næringa for «sjøinngjerdingar» langs land, på grunn av den effektive drifta av oppdrett i slike innhengninger. Men denne typen anlegg stiller spesielle krav til lokalisering, og det er derfor få i drift foreløpig

Sterk økning i produksjonen

Det blir også drevet oppdrett i utgravde dammer langs strendene, der tidevannet eller pumper sørger for vanntilførselen. Men drift og vedlikehold av slike anlegg er kostbart. De fleste anlegg av denne typen er derfor nedlagt.

Ut fra dette er det jeg videre skal si, i hovedsak basert på utviklinga av oppdrett av sjøfisk i flytemærer og notinnhengninger.

Fra begynnelsen tidlig i femtiåra, har produksjon og produksjonsverdi øka jevnt og sikkert. Der eksisterer ingen statistikk som viser utviklinga på verdensbasis. Men påstanden kan illustreres ved utviklinga av oppdrettsnæringa i Japan (figur 1 og 2) og i Norge (figur 3 og 4).

Japan økte sin produksjon fra 380 000 tonn i 1965 til 917 000 tonn i 1978. Førstehåndsverdien gikk opp fra 0,4 til 1,7 milliarder dollar i 1977. I Norge har produksjonen økt fra 533 tonn i 1971 til 7 450 tonn i 1980. De mest optimistiske prognosene går ut på at produksjonen vil bli rundt 10 000 tonn i 1981. I det samme tidsrommet gikk verdien opp fra 1,5 million dollar til 48,4 million dollar i 1980,

Kostnadene vil gå ned

Det er alminnelig antatt at næringa vil fortsette å vokse. Den biologiske utnyttelsesgraden av energi og proteiner er høy, og produksjonskostnadene lave.

Det er sannsynlig at rasjonaliseringer og rimeligere for, kan føre til enda lavere produksjonskostnader i nær-




Figure 1




Figure 2




Figure 3




Figure 4

meste framtid. Men der er også begrensninger i sikte som sterkt kan påvirke veksten i næringa.

En begrensning er områda som er tilgjengelige for oppdrett av sjøfisk. Den teknikk som i dag er tilgjengelig for fiskeoppdrett kan ikke mestre belastningene fra åpent hav. Anlegg må forankres i beskytta farvann, og meste-parten av kontinentenes kystlinjer er åpne, med visse unntak. Figur seks viser de områda som utfra dette er tilgjengelige for fiskeoppdrett. Utviklinga av flytende bølgedempere eller nedsenkbare oppdrettsbur, kan til ei viss grad utvide mulighetene for fiskeoppdrett. På den andre sida kan neppe alle innskjørs sjøområda brukes til å produsere fisk.

Krav til lokalisering

Når man skal bedømme i hvilken grad et område egner seg for oppdrett av en spesiell fiskeart, er det viktig å kjenne de biologiske og fysiske virkningene miljøet vil ha på fisken og anleggskonstruksjonene. Like viktig er det å klarlegge hvordan fisken og oppdrettsanlegget vil virke på omgivelsene. Av topografiske og hydrografiske årsaker er beskytta sjøområda følsomme for relativt små endringer i tilførselene av organisk materiale. I løpet av noen år kan det bygge seg opp for mye organisk materiale på stedet, noe som kan føre til et plutselig oksygenfall i vannet når temperatur, vind- og strømforhold etc. er ugunstige for vannutskiftinga. I denne forbindelse må en huske at fisk, mer enn andre dyr, er avhengig av

miljøfaktorer. Ugunstige miljøforhold kan f.eks. føre til at fisken vokser sakte.

Når man skal velge ut den beste lokaliteten for fiskeoppdrett, må følgende vilkår undersøkes grundig:

- Temperatur
- Saltgehalt
- Oksygen
- Næringsstoffer
- Forurensning
- Vannutskifting
- Lagdeling
- Topografi

Nødvendig sammenheng mellom oppdrett og fiske

Innen jordbruket har relativt få organismer blitt kultivert, og mange av dem har fått utbredelse over hele verden. Slik vil det neppe bli i fiskeoppdrett på grunn av avhengigheten mellom organismer og omgivelser. Nesten all sjøfisk er kjøttere som lever av dyreorganismer fra det minste zooplankton til fisk på nesten samme størrelse som seg sjøl. Sjøfisk må fores med relativt høyt proteinrik føde. Oppdrett er, og vil i stor grad være avhengig av industri-fisk, fiskeavfall, planktonorganismr eller andre marine næringsemner. Derfor er sammenhengen mellom oppdrett og fiske opplagt, uansett om fisken fores med våtfor eller mjuke eller harde pellets. Styrende organer, enten de er private eller statlige, må planlegges i samsvar med det. Det burde f.eks. vært gjort langt større anstrengelser for å utnytte all avfall fra fiskeria, f.eks. ved ensilering. Med de ulike avfallsproduk-

ta som hovedkomponenter kunne en kombinere seg fram til det rette foret med hensyn til protein, fett, vitaminer, o.s.v.

Det er lett å klekke og ale opp laksefisk. Men å klekke og ale opp egg og larver av sjøfisk, er langt mer komplisert. Bare fra noen få arter som havabbor, havkaruss, pigghvar og rødspette kan det produseres yngel i stort antall. I flere deler av verden er oppdrett av mange fiskeslag basert på avkom fra naturlige bestander. Denne avhengigheten kan bli farlig for fiskeoppdrettet, fordi den begrenser mulighetene for å planlegge størrelsen på produksjonen. I verste fall kan produksjonen av oppdrettsfisk bli avhengig av formeringa i de naturlige bestandene og samtidig komme i konflikt med ressursforvaltninga i fiskeria.

Men forholdet oppdrett/fiske trenger ikke nødvendigvis være negativt. De metodene som brukes i oppdrettsnæringa kan tilpasses i fiskerinæringa for å lagre fisk i avstengninger, notposer, nøter, o.s.v. av salgsmessige årsaker, eller for å fore opp undermåls fisk til markedsstørrelse.

Norsk pionerprosjekt

Veksten og det økonomiske utbyttet i oppdrettsnæringa vil på mange måter være avhengig av evna til å kontrollere formeringa av sjøfisk som egner seg til oppdrett.

I forbindelse med dette kan det være av interesse å nevne et intensivt torskeoppdrettsprosjekt i Norge, der opp-




Figure 5

førselen til organismene spiller en viktig rolle. Eggene blir «skumma» av overflata i en plasttank der torsken gyter på naturlig måte, og overført til en annen plasttank for klekking og startforing.

Naturlig plankton til for blir samla inn ved hjelp av pumpe kobla til to doble finmaska nett-trakter. Gjennom slanger blir planktonet ført til en samlepose og videre fordelt til yngeltankene ved hjelp av ei automatisk pumpe. Etter startforing og metamorfose blei torskelarvene overført til større plastkar. Da larvene nådde 5–6 cm i størrelse, blei de overført til flytemærer. Overlevelsesprosenten gjennom startforingsperioden varierte fra 2,5 til 5 prosent.

Fiskesykdommer en alvorlig trussel

Når et stort antall individ er pressa sammen i et lite volum, vil det, som en biologisk regel, oppstå sykdommer.

Alle typer sykdommer kan være til stede, både parasitter, bakterie- og virus sykdommer. Disse sykdommene kan være importerte med individ fra andre land, eller kan være til stede i de naturlige bestandene uten at en er klar over det.

Sykdommer representerer en alvorlig trussel mot oppdrettsnæringa. Derfor bør det gjøres anstrengelser på følgende felt for å nøytralisere sykdomspåvirkning:

1. Studier av fiskesykdommer i naturlige bestander
2. Restriksjoner på eksport og import av organismer
3. Høy hygienisk standard på oppdrett-sanlegga
4. Rett bruk av antibiotika
5. Bruk av vaksiner
6. Valg av fiskestammer som er motstandsdyktige mot sykdommer.

Det må legges større vekt på markedsføring

Det er aldri lett å markedsføre nye produkter, spesielt ikke når de kan bli oppfatta som varianter av gamle. Folks spisevane er jevnt over svært konservervative. I mange land ha det også vært ei utvikling i retning av mer kjøtt og fjærfe på spisekartet. Fisk har til ei viss grad fått et dårlig rykte.

Dette bør være hovedelementene i et markedsføringsprogram:

- Kvalitet
- Jevne tilførsler
- Pris
- Markedsanalyse
- Skatter og avgifter
- Reklame/informasjon

Fra det øyeblikket en oppdretter får yngel på plass i anlegget må han være innstilt på å produsere høykvalitetsfisk til lavest mulig kostnad. Næringa bør utarbeide rutiner for skikkelig behandling av fisken både før og etter slaktning for på den måten å kunne garantere både omsetningsledd og forbruker jevn tilførsel av høykvalitetsprodukt. Med utgangspunkt i et slikt produkt burde næringa kunne utvikle et nasjonalt og internasjonalt marked til glede for den jevne borger.

Forskning for å nå hvilket mål?

Det trengs forskning for å utvikle oppdrett av sjøfisk. I tillegg til det som allerede er nevnt, er det nødvendig med en innsats i arvelighetsforskning, forskning på fiskens oppførsel og forskning i, og videreutvikling av teknologi. Sammen med pionerene i oppdrettsnæringa, kan forskerne skape ei levedyktig næring.

Framtida for fiskeoppdrett i sjøen synes lys på kort sikt. Men målene for vekst og utvikling av næringa på lang sikt, synes uklare. Det er alvorlige problemer som må løses for oppdrett kan bli mer enn et lite supplement til modernæringa – de tradisjonelle fiskeri. Denne situasjonen er ikke i seg sjøl negativ. Men målet for akvakultur må være å utnytte den enorme omsetninga av bioenergi i havet gjennom kultivering.

Kraft mot fisk i Tafjord

